



Vil du vera med og gjera Festidalen enda betre? Dette biletet vart teke då programmet starta på fredagskvelden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Har du lyst til å ta eit tak for Festidalen og har du idear om korleis festivalen kan gjerast enda betre og meir attraktiv? 1.800 var innom dette året, men det bør ikkje stoppa der.**

Er du innstilt på å gjera ein innsats bør du møta fram på Dønhaug Gjestegard laurdag klokka 18. Der blir det idedugnad i Dønhaugkjedlaren, og dugnaden held fram så lenge folk har noko å bidra med og har lyst til å vera der. Baren er open, men det er ikkje lagt opp noko fast program.

Kall det gjerne folkemøte, for det er ope for alle som har meiningar om Festidalen og som kanskje vil gjera ein innsats, seier Svenung Pile i festivalleiinga til uskedalen.no. Eit hovudføre mål med samkoma er å få stgabla på beina eit større mannskap, ikkje minst på styreplanet.

Det er både for at belastninga på nokon få ikkje skal bli for stor og for at ramma for festivalen skal kunne utvidast. Det har heile tida vore ei målsetting utan at eldsjelane har lukkast heilt med utvidinga. I år var det vergudane som stilte seg i vegen slik at familiearrangementet laurdag måtte avlysast.

Det vart eit lite underskot i år, men leiinga går på att med friskt mot.

Av Ola Matti Mathisen